

Frivilligstrategi Ål kommune 2023-2028

HØYRINGSUTKAST

29.03.2023-09.05.2023





Ål kommune
Torget 1, 3570 Ål
Tlf: 32 08 50 00
www.aal.kommune.no



Ål Frivilligsentral
Myren 40, 3570 Ål
Tlf: 90 70 86 37
www.aal.frivilligsentral.no



Innhald


Innleiing og bakgrunn	s. 4
Kommunale føringar	s. 6
Visjon	s. 7
FNs berekraftsmål	s. 7
Mål	s. 8
Rekruttering og kompetanseheving	s. 8
Økonomi	s. 9
Aktivitetsareaner	s. 9
Forenkling og koordinering	s. 10
Å vere synleg	s. 11

Prosjektgruppa har bestått av

Turid Hilde Gåsbakk v/Ål Frivilligsentral
Kristine Jacobsen Kapperud v/Kulturkontoret Ål kommune

Referansegruppa har bestått av

Bjørg Fluto v/Mental Helse Ål
Ole Anderson v/Ål Musikkråd og B-karad'n
Ola Opheim v/Ål Idrettsråd og Ål Idrettslag
Torun Torsteinsrud v/Ål Idrettsråd og Fjellet IL
Oddny Liahagen v/Ål Røde Kors
Camilla Svanaasen Joranger v/Sundre Vel



Frivilligheita er limet i lokalsamfunnet vårt!

Frivilligheita har betydd og betyr fortsatt mykje for utviklinga av vårt velferdssamfunn, for relasjonsbygging, trivsel, læring, meistring, utvikling og tilhøyrsløse. Det er samarbeid og bidrag til fellesskapet, det er engasjement, og det er eit ønske om å nå eit felles mål. For at samfunnet skal fungere og vekse må alle innbyggjarane bidra.

Me må ikkje ta dei frivillige for gitt. Dei frivillige er personer som deg og meg, som yter ein ekstra innsats for klubben, laget og bygda. Det er ei stor breidde av frivillig arbeid, og alle er like viktige! Me ønsker å rette fokus mot å ta enno betre vare på dei frivillige, støtte opp om deires engasjement og gi dei gode vekstvilkår. Ofte er det ildsjeler som står for mykje av det som skjer, og me må passe på så dei ikkje brenn seg ut. Dette kan me alle bidra til ved å stille opp som medfrivillig, gi ros og gode ord, delta på arrangement og hendingar, kjøpe billetter og medlemskontingentar i god tid og framsnakke organisasjonane og deires frivillig innsats. Me har alle eit ansvar for at samfunnet skal gå rundt, for å gi aktivitetstilbod til borna våre, til dei eldste i samfunnet og til dei inaktive. Me skal og inkludere dei med ulike bakgrunnar og utfordringar enn oss sjølv og sørge for å gi alle ei god kjensle av tilhøyrsløse, motivasjon og fellesskap. Me kan alle bidra litt til å auke aktiviteten, folkehelsa og bulysta i kommunen vår!

Frivilligheit er definert som ein verksemd som er basert på frivillig tidsbruk utan løn, som har eit ikkje-kommersielt føremål og som er til fordel for samfunnet eller miljøet. Definisjonen av begrepet dugnad er frivillig, ubetalt arbeid som blir gjort i fellesskap. Både frivilligheit og dugnad er viktige begrep samfunnet og me er avhengige av dette for at samfunnet skal gå rundt.



Frivilligstrategien er for og med frivillige lag og organisasjonar

Ål kommune og Ål Frivilligsentral har utvikla denne frivilligstrategien i dialog med lag og organisasjonar i Ål kommune. Strategien skal verte nytta som eit grunnlag for Ål kommune sin utøvande frivilligpolitikk og styrke samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita. Den skal skape legitimitet for frivillig innsats, forståing rundt dagens status og legge til rette for forenkla rammer for samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige. Det er viktig at frivilligstrategien støtter opp om mangfaldet av areaner, aktivitetar og arrangement ved å bygge på det frivillige lag og organisasjonar tenker er viktig for å engasjere seg i frivillig arbeid og drifte ein frivillig organisasjon. Det er viktig å ha gode møteplassar som er inkluderande, trivselsbyggjande, engasjerande, aktiviserande og tillitsskapande. Frivilligheita skal vere for alle!



Arbeidet med frivilligstrategien starta i februar 2022 etter initiativ frå Ål Frivilligsentral og er forankra hjå administrasjon og politikarar i Ål kommune. Den er utvikla i samarbeid med Frivillighet Norge og frivillige lag og organisasjonar i Ål.

26. September 2022 kalte Ål Frivilligsentral og Kulturkontoret i samarbeid med Frivillighet Norge inn til eit innspelsmøte der alle frivillige lag og organisasjonar blei invitert. Det var omlag 30 deltakarar frå 17 ulike lag og organisasjonar til stades, og innspela representarar eit breitt erfaringsgrunnlag frå ulike organisasjonar. Det var ein imponerande mengde og kvalitet på innspela. Det tyder på at det ligg eit vesentleg potensial for å utløyse store ressurser i ein tettare relasjon mellom kommunen og breidda av lag og organisasjonar. Forutsetninga er at samhandling og samarbeid vert opplevd som ein vinn-vinn-situasjon for begge partar. Funn frå dialogmøte er presentert i eigen rapport som er vedlagt frivilligstrategien.



Kommunale føringar



Ål kommune bygger på prinsippa om kommune 3.0. Ein metode som omfattar samskaping, der tilsette, politikarar, innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv saman finn ut korleis eit behov eller ei utfordring skal verte løyst. Det er fokus på læring og meistring og ansvarleggjering av eigne innbyggjarar. Når kommune og frivillige spelar på lag kan ein saman få til mykje meir enn kvar for seg.

Ål kommunes frivilligstrategi byggjer på det fundamentet som er lagt i ulike kommunale planar, presentert nedanfor.

Kommuneplan Ål kommune 2015-2027:

Kommuneplanen har fleire mål som er relatert til frivillig arbeid, der fokuset ligg på samarbeid, folkehelse, mangfald, engasjement, vidareutvikling, bu- og blilyst.

Kulturplan 2019-2025:

I overordna mål i kulturplanen står det noko om frivillig innsats, samhandling og inkludering.

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2025:

I temaplan for idrett er det fokus på styrking av idrettslaga, friluftslivet og sykling. Planen har og enkelte mål med tiltak som gjeldt frivillig sektor.

Strategiplan for frivilligsentralen 2022-2026:

Vedtektene til Ål Frivilligsentral/Ål Ungdomsfrivilligsentral seier:

- Frivilligsentralane skal koordinere og vidareutvikle frivillig arbeid i Ål kommune.
- Sentralane skal mobilisere og vera eit formidlingskontor for frivillig innsats i nærmiljøet og dei som ynskjer å ta imot hjelp.
- Sentralane skal stimulere til auka lokalt frivillig arbeid med siktemål å styrke den sosiale fellesskapen og hjelpe til ved individuelle behov.

Strategien seier noko om å førebygge einsemd, stimulere til meningsfulle liv og støtte opp om og samarbeide med frivilligheita i kommunen. Frivilligsentralane skal vere ein møteplass for alle utan omsyn til utfordringar eller bakgrunn. Ungdomsfrivilligsentralen har ansvar for BUA og HallUng ungdomsklubb.



Vår visjon

I Ål har me eit godt og utviklingsorientert samarbeid mellom kommune og frivillig sektor, som bidreg til engasjement, fellesskap, mangfald og inkludering.

FNs berekraftsmål er verda si felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Ål kommune sin frivilligstrategi vil ha fokus på dette:



I frivillig sektor kan me hjelpe barn som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt slik at dei får gode og inkluderande fritidsaktivitetar.



Frivillig sektor kan bidra til å redusere matsvinn og bruk av plast på aktivitet/arrangement, og oppmunde til gjenbruk i organisasjonane.



Frivillig arbeid bidreg til å sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder.



Frivillig sektor bør sikte på å bruke fornybar energi og miljøvenlege materialer ved utbygging og transport, for å redusere utslepp av klimagassar.



Frivillig sektor skal arbeide for å oppnå likestilling, forståing og aksept for alle kjønn.



Frivillig sektor kan bidra til å beskytte og fremje berekraftig bruk av naturressurser og unngå unødvendige inngrep i naturen.




Frivillig sektor bidreg til inkluderande møteplassar utan omsyn til bakgrunn/utfordringar, der ein nedkjempar rasisme, diskriminering, antisemittisme, sosial kontroll og fordommar.



Frivillig sektor bidreg til sosialt fellesskap og rettferd ved å fremje fredelege og inkluderande lokalsamfunn.



Frivillig sektor bidreg til trygge og inkluderande lokalsamfunn, med miljøvenlege aktivitetsarenaer av god kvalitet. Transportordningar er noko ein må jobbe med.



For å nå berekraftsmåla, må det leggjast til rette for samarbeid mellom kommune og frivillig sektor og mellom organisasjonane.

Våre mål

Rekruttering og kompetanseheving

Å rekruttere nye medlemmar og tillitsvalde er svært viktig for organisasjonane, og mange ser det som ei utfordring. Frivillighet Norge peikar på at det ser ut til å vere en samanheng mellom rekruttering av fleire medlemmar og kompetanse, økonomi og organisasjonane si evne til å auke aktivitetsnivået. Organisasjonane ønskjar seg kompetanseheving, og her er det viktig å gå i dialog med frivillig sektor for å undersøke kva det er størst behov for. Særleg er det ønskeleg med auka fokus på rekruttering av ungdom og unge vaksne til frivillig arbeid. Frivillighet Norge anbefaler at kommunen etablerer og vidareutviklar faste møteplasser for dialog og samarbeid mellom kommune og frivillig sektor, og mellom organisasjonane for å sikre betre koordinering og kjennskap på tvers. Det er ønskeleg med tema- eller målgruppespesifikke møter som vert arrangert i nært samarbeid med organisasjonane, og at fritidsmessas vert vidareført.

Auka rekruttering og kompetanseheving	
Årleg dialogmøte for frivillig sektor, med fokus på kompetanseheving i temaer som dei frivillige har behov for	Ål kommune
Ha møte i Ål Arrangementsforum to gonger i året, med fokus på erfaringsdeling, arrangementsutvikling og kompetanseheving	Ål kommune
Vidareføre og vidareutvikle årleg fritidsmesse og arbeide for å auke deltaking- og publikumstal	Ål kommune og Ål Frivilligsentral
Stimulere til meir mangfald og inkludering i frivillig sektor gjennom å auke kompetansen, rettleie, støtte tiltak og nytte verktøyet "Alle med"	Ål kommune, Ål ungdomsfrivilligsentral og frivillig sektor
Rekruttering av fleire frivillige gjennom å vere synleg og tilgjengeleg, ha gode rutiner for opplæring, ta godt vare på og setje pris på dei frivillige, gje dei gode vekstvilkår og invitere til sosiale tiltak.	Ål Frivilligsentral, Ål ungdomsfrivilligsentral og frivillig sektor
Arbeide for at fleire ungdommar og unge vaksne engasjerer seg i frivillig arbeid	Frivillig sektor og Ål ungdomsfrivilligsentral



Foto: BUA, Stine Cecilie Mikalsen

Økonomi

Oversikt over tilskotsordningar, krav til søkar og kompetanse på søknadsskriving er fremheva som ein utfordring. Frivillighet Norge oppmodar til å gjere det enklare å søke tilskot og gjere informasjon om eksterne støtteordningar meir tilgjengelege. Kommunen har og eit ansvar for å kommunisere ut kommunale tilskotsordningar i eigne kanalar.



Økonomi	
Informere, bistå og kurse frivillig sektor om tilskotsordningar og søknadsprosessar	Ål kommune i samarbeid med eksterne aktørar
Kommunen skal i størst mogleg grad forskottere spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	Ål kommune og politikarar
Vidareføre ordningane for tilskot til preparering av skiløyper, offentleg bading, tilskot til kulturformål, arrangementstilskot og tilskot frå idrettsråd, musikkråd og ungdomsråd	Ål kommune og politikarar
Gjere eksterne tilskotsordningar meir tilgjengelege på eksisterande digitale plattformer	Ål kommune

Aktivitetsarenaer

Gode aktivitetsarenaer er avgjerande for å kunne ha aktivitet og rekruttere fleire medlemmar. Frivillighet Norge oppmodar til å gjere eigna lokaler for aktivitet og møter meir tilgjengelege for fleire organisasjonar og målgrupper. Tilgang på gratis og rimelige lokaler er viktig for frivillig sektor. I dag er det ein del aktivitetsarenaer som ikkje har fylt opp kapasiteten sin, og me oppmodar frivillig sektor om å tenke meir sambruk for sine aktivitetsarenaer. Når ein bygger nye anlegg er det viktig å tenke både fleirbruk, universell utforming og medverking med dei som skal bruke anlegget.

Enklare tilgang på aktivitetsarenaer	
Ha ein oversikt over lokaler for aktivitet og møteverksemd med tilretteleggingsgrad, som kan verte nytta av frivillig sektor	Ål kommune
Legge til rette for gratis møtelokale til frivillig sektor	Ål Frivilligsentral
Stimulere til utbygging av føremålstenlege og moderne anlegg til idrett og fysisk aktivitet gjennom bruk av kommunale tilskot og statlege spelemidlar	Ål kommune
Oppmode til meir fleirbruk og sambruk av eksisterande og nye anlegg og lokaler	Ål kommune og frivillig sektor



Forenkling og koordinering

Frivillighet Norge anbefalar at kommunen, i dialog med frivillig sektor, ser nærmare på tiltak som styrkar samspelet mellom kommunen og organisasjonane og organisasjonane seg i mellom. Særleg vert "èin-dør-inn" trekt fram som ein viktig faktor for at frivillig sektor skal oppleve kontakten med kommunen som enkel. For å styrke samarbeidet mellom organisasjonane er det viktig at organisasjonane sjølv tek initiativ til erfarings- og kompetansedeling og tilbyr sine tenester på tvers. På same tid bør kommunen søke å fange opp ønsker og behov ute i frivillig sektor og bidra til felles møteplassar for samarbeid.

Forenkling og koordinering	
Vidareføre og formalisere Ål kommune sitt servicetorg og postmottak som fyrste kontaktledd for frivillige lag og organisasjonar.	Ål kommune
Melde inn ønsker og behov for kompetanseheving/utdanning/kurs og tilby relevant kompetanse på tvers av organisasjonane.	Frivillig sektor
Frivilligsentralen skal mobilisere, formidle, koordinere og vidareutvikle frivillig arbeid, med sikte på å styrke sosialt fellesskap og ivareta individuelle behov.	Ål Frivilligsentral, Ål ungdomsfrivilligsentral
Meir representasjon frå kommunen ute i lag og organisasjonar for å bli betre kjent.	Ål kommune
Legge til rette for møtepunkt for organisasjonar innan same interesse-/fagfelt.	Ål kommune
Oppmode til meir samkøyring blant lokalbefolkninga.	Ål kommune og frivillig sektor
Stimulere til meir aktiv bruk av råd og utval som innspelspart og talerøyr inn mot kommunen.	Ål kommune og råd/utval

Foto: Skravlekoppen, Turid Hilde Gåsbakk

Å vere synleg

Det er eit ønske om løysingar som styrkar koordinering, samordning, informasjon om og marknadsføring av organisasjonane og aktivitetar til desse. Bruken av portalane for aktivitet og arrangement i Hallingdal bør verte auka og forenkla. Frivillighet Norge oppmodar organisasjonane til å nytte frivillig.no og ungfritid.no som er gratis rekrutteringsportalar for frivillige og deltakarar, men me ser at det allereie er mange plattformer ein skal publisere sine tilbod på, og ønsker ikkje å skape meirarbeid for frivillig sektor. Organisasjonane har sjølv eit ansvar for å synleggjere og marknadsføre sine tilbod, men kommunen har og eit ansvar for å ha gode løysingar slik at informasjonen når ut til lokalbefolkninga. Eit viktig tiltak for å synleggjere frivilligheita er å måle verdiskapinga av frivillig arbeid. Her er det viktig at frivillig sektor bidreg med innrapportering slik at frivilligheita får meir slagkraft.

Auka synlegheit for frivillig sektor	
Arbeide for og bidra til at alle lag og organisasjonar publiserar sine aktivitetar, tilbod og arrangement på aktuelle digitale plattformer.	Ål kommune, Ål Utvikling, Ål Frivilligsentral m.fl.
Sikre at informasjon til og om frivillig sektor er tilgjengelig og oppdatert i kommunen sine kanalar.	Ål kommune
Lag og organisasjonar bør sørge for å ha oppdatert informasjon om sin organisasjon og sine tilbod i sine kanalar.	Frivillig sektor
Måle verdiskaping av frivillig arbeid kvart 4. år	Ål kommune og Ål Frivilligsentral
Lage årshjul for frivilligheita	Ål Frivilligsentral



Foto: Huckfest Bike Festival, Vegard Breie



RADIO NORGE
HALLINGSPRETTE
HALLINGDAL FERIEPARK

FUNKSJONÆR

RADIO NORGE
HALLINGSPRETTE
HALLINGDAL FERIEPARK

FUNKSJONÆR

RADIO NORGE
HALLINGSPRETTE
HALLINGDAL FERIEPARK

FUNKSJONÆR

ÅL
HALLINGDAL



ÅL KOMMUNE